



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1527 - 15/344

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
12.01.2015

Dispensasjonssak gbnr 94/20,46 og 94/15 Bognøy - legalisering av fritidsbustad - dispensasjon frå arealføremål LNF og byggeforbod i strandsoner - oversending for klagevurdering

Saka gjeld søknad om legalisering av hytte som er rehabilitert og utvidet på 1980-tallet.

Planstatus

Eigedomen har arealføremål LNF område etter kommuneplan for Radøy kommune og ligg innafør 100-metersbeltet mot sjø. Tiltaket er avhengig av dispensasjon frå arealføremål LNF, jf. pbl § 11-6 og byggeforbod i strandsoner, jf. pbl. § 1-8.

Politisk handsaming

Saka vart handsama av hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 17.12.14 der følgjande vedtak vart fatta:

«Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF og byggeforbod i strandsoner for legalisering av oppført fritidsbustad m/terrasse på følgjande vilkår:

- 1. Det må sendast inn heimshavarfråsegn frå eigar av gnr. 91 bnr. 15 for plassering av terrasse delvis på denne eigedomen.*
- 2. Eigedomen gnr. 94 bnr. 20,46 får gjerdeplikt mot tilgrensande landbruksareal.*

Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF og byggeforbod i strandsoner for legalisering av utført av avlaupsanlegg på følgjande vilkår:

- 1. Eksisterande ulovleg avlaupsanlegg skal miljøsannerast.*
- 2. Avlaupsanlegget skal utførast som skjult anlegg og terrenget skal førast tilbake opphavleg stand.*
- 3. Det må søkjast om utsleppsløyve etter forureiningslova og løyve til tiltak etter plan- og bygningslova.*

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2, jf. §§ 11-6 og 1-8.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.”

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Tonje Nepstad Epland på e-post tonje.epland@radoy.kommune.no eller på telefon 56 34 90 50.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjonssak gbnr 94/20,46 og 94/15 Bognøy - legalisering fritidsbustad - dispensasjon frå arealføremål LNF og byggeforbod i strandsone

Byggesak gbnr 94/15, 20 og 46 Bognøy - fritidsbustad - søknad om dispensasjon

Takst

Byggesak gbnr 94/15, 20 og 46 Bognøy - søknad om løyve - tilbygg og utsleppsløyve

Søknad om løyve

Opplysningar om tiltakts ytre rammer og bygningsspesifikasjon

Søknad om dispensasjon

Kart

Teikningar

Søknad om ansvarsrett - Takst team Hordaland as

Tidlegare korrespondanse

Brev frå Takst team Hordaland

Kart

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

